



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 29.01.2019  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

I møtet vert det orientert om:

- Status vertskommuneavtale NAV
- Status randkommunesamarbeid
- Status oppgradering brannstasjon
- Informasjon frå Norsk Vindenergi

Etter formannskapsmøtet vert det møte i styringsgruppa for nytt Nærings- og tenestesenter, for å planlegge drøftinga av saka i kommunestyret torsdag 31. jan

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordførar	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordførar	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2019	Godkjenning av møtebok
003/2019	Referatsaker
004/2019	Orienteringssaker

**Notat frå møtet:**

001/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

002/2019: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

003/2019: Referatsaker

Behandling:

Formannskapet bed ordførar følge opp svaret frå Fylkeskommunen. Invitere til møte og synfaring i april. Samme gjeld oppfølging av Modalen sin del av Nordhordlandspakken

Vedtak:

---

## 004/2019: Orienteringssaker

### Behandling:

Rådmannen orienterte kort om rapporten og utgreiinga om mogleg Randkommunesamarbeid innan løn, økonomi og rekneskap. Saka vert utgreidd og lagt fram for kommunestyret 14. feb.

Rådmannen orienterte kort om status for vertskommuneavtalen for NAV. Vertskommunen ventar på avklaring frå NAV stat angående lokalisering og antal statlege stillingar i samarbeidet, og det er mogleg denne avklaringa ikkje kjem før mot slutten av 2019. Inntil vidare har dei tilsette same oppmøtestad og opningstider som før samarbeidet vart vedteke.

Rådmannen orienterte kort om status for pålagt utbetring av brannstasjonen. Skisse til mogleg løysing vert lagt fram som orienteringssak for kommunestyret 14. des. Brannsjef for Nordhordland brann og redning og arkitekt i prosjektet vil presentere skissa.

Ordførar orienterte om møte med Norsk vindenergi 24. jan. Selskapet informerte der ordførar og administrasjonen om at dei i løpet av februar er klar til å sende melding, med forslag til utredningsprogram, til NVE om mogleg vindkraftanlegg i Modalen. Kommunen vil så få meldinga på høring, der det vil vere mogleg å komme med innspel til temaer som skal konsekvensutredast.

### Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---